



Vurdering jf. Forskrift om konsekvensutredninger

Omtale av planlagt tiltak

Otra IL har initiert oppstart av planarbeid for kunne vidareutvikle idrettsanlegget på Evje. Otra fotball ynskjer areal for å kunne setje opp aktivitetshall, banar og utvide eksisterande grasbane. Planen skal også heimle ei utviding av næringsområde mot aust og nord for å kunne plassere eit beredskapsbatteri (trafostasjon). Innanfor næringsområde skal det vera kontorverksemd, overnatting og bubilparkering. Planen skal sikre gode parkerings- og trafikkareal, samt areal for mjuke trafikantar.

Tabell 1. Vurdering av §6, §7, §8 og §10 i Forskrift om konsekvensutgreiingar

§	Vurdering
§6 Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding	Det vurderast at planen ikkje utløyser krav til KU jf. <i>Forskrift om konsekvensutredning</i> §6 fyrste ledd bokstav b) og forskriftas vedlegg I.
§7 Planar og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding	Det vurderast at planen ikkje utløyser krav til KU jf. <i>Forskrift om konsekvensutredning</i> §7 fyrste ledd bokstav a) eller b).
§8 Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn	Det vurderast at planen ikkje utløyser krav til KU jf. <i>Forskrift om konsekvensutredning</i> §8 fyrste ledd bokstav a) eller b). Det er ei regulering av eksisterande bruk, og ingen nye større anlegg, bortsett frå areal til ny fotballhall.
§10 Kriteriar for vurdering av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn	Planområdet er ca. 144 daa, og utgjer eit utbygd område for idrettsanlegg og industri, med blant anna klubbhus, hoppbakkar og fotballbane. Området inkluderer også trafostasjonar. Området grensar til bustadområde i vest og nord.
<i>a./b. (natur- og kulturmiljø)</i>	Tiltaket kjem ikkje i konflikt med registrerte verdiar for natur, landskap eller friluftsliv. I søndre del av planområdet ligg automatisk freda kulturminne for <i>Steinsfjell forsvarsanlegg</i> . Planforslaget vil ikkje råke forsvarsanlegget og ein vil i planen legge sone for bandlegging av kulturminne, med tilhøyrande omsynssone i dialog med Fylkeskommunen. Det føreligg elles ingen registreringar i Riksantikvarens offentlege database, <i>Kulturminnesøk</i> .
<i>c. (statlege og regionale planar/føringar)</i>	Tiltaket vil ikkje koma i konflikt med statlege eller regionale retningslinjer/føresegner. Planforslaget er ei regulering av eit allereie utbygd område, og målet å få dette i rette rammer, som samstundes gjev rom for vidareutvikling av idrettsanlegget.
<i>d. (landbruksinteresser)</i>	Området er avsett til idrettsanlegg i kommuneplanen, og har liten tyding for landbruksinteresser.
<i>e. (miljøkvalitetsstandard) og g. (forureining/klimagassutslipp)</i>	Vassførekomsten <i>Evje</i> (021-19-G) med god kvantitativ tilstand og dårleg kjemisk tilstand vedkjem planområdet. <i>Otra – Byglandsfjorden til Breidflå bekkefelt</i> (021-708-R) renn aust for planområdet og med utløp i Otra. Sistnemnte er registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Det er ikkje direkte avrenning til vassførekomstar og ein vurderer at avrenning i stor grad vil infiltrerast i grunnen. Det må gjerast ei vurdering av overvasshandtering. Temaet vil bli vurdert og skildra i planomtalen, og følgjast opp i plankart og føresegner. Det skal førast klimagass-rekneskap for omdisponert arealbruk. Ein vurderer at det ikkje er naudsynt med ytterlegare vurderingar i form av KU.



<i>f. (helse)</i>	Det er ingen støyfølsam bruk i nærområdet. Det er ikkje kjent at drikkevasskjelder blir råka. Planlagt tiltak vurderast ikkje å føre til negative konsekvensar for helse. Regulerte føremål vil fremje god folkehelse.
<i>h. (naturfareulykker)</i>	Aktsemdssone for flaum (NVE) vedkjem planområdet. Det er ingen kjente forhold som tilseier at det er ei risiko for ulykke.

Konklusjon

Av notatet kjem det fram at detaljregulering for Otra Idrettsanlegg ikkje vil utløyse krav til konsekvensutgreiing jf. forskrift. Området er i stor grad utbygd, slik at det er avgrensa med natur- og kulturmiljøverdiar som kan påverkast av vidareutvikling av området. I samband med planarbeidet skal det skrivast eit risiko- og sårbarheitsanalyse, der aktsemdssone for flaum vert vurdert og omtalt. Konsekvensar av tiltaket vil vurderast og omtalast i Planomtalen.

Valle/Evje den 10. mars 2026.
Plankontoret Hallvard Homme AS

Hallvard Homme